

Bibliotekplan for MIDT-GUDBRANDSDALEN

2013
2017

Med biblioteket inn i framtida

Eit møte mellom menneske
i den digitale verda



Ringebu folkebibliotek



Sør-Fron bibliotek




Nord-Fron bibliotek




Rullering av regionale bibliotekplanar blir sett i samanheng med eit prosjekt, initiert av Oppland fylkesbibliotek, som heiter "Oppland og partnerskapsavtaler".

Prosjektet skal synleggjere ei strategisk bibliotekutvikling gjennom regionale bibliotekplanar som vektlegg interkommunalt samarbeid og planar for bibliotekutvikling dei neste 4 åra.

Spesiell vektlegging på at bibliotekutvikling skal skje i samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar som blir formalisert gjennom partnerskapsavtalar.



Det sørmløse bibliotek
OPPLAND



Bibliotekene
skaper
leselyst



INNHOLD

| | | |
|--------------|---|-----------|
| DEL 1 | INNLEIING | 5 |
| | Kostratal | 6 |
| DEL 2 | HANLINGSPROGRAM 2013 – 2017 | 11 |
| DEL 3 | STRATEGIAR | 12 |
| | Strategi 1 – Vidareutvikle “Det sømløse bibliotek” | 12 |
| | Strategi 2 – Vidareutvikle personale med høg bibliotekfagleg kompetanse | 13 |
| | Strategi 3 – Hovudsatsingsområde: Tilbod til barn og unge | 14 |
| | Strategi 4 – Vidareutvikle biblioteka som læringsarenaer | 15 |
| | Strategi 5 – Biblioteka skal vere kulturelle møteplassar for alle | 16 |
| | Strategi 6 – Biblioteka skal drive aktiv litteraturformidling av høg kvalitet | 17 |
| | Litteraturliste | 16 |

DEL 1

INNLEIING

I partnerskap med Oppland fylkesbibliotek vart det i 2007 utarbeidd regionale bibliotekplanar gjeldande for perioda 2008-2012. Ringebu folkebibliotek, Sør-Fron bibliotek og Nord-Fron bibliotek jobba saman om ein regional bibliotekplan for Midt-Gudbrandsdalen. Planen har vore nytta som arbeidsreiskap i utviklinga av bibliotektenestene, både samla sett i regionen, og i den ein-skilde kommunen. Ein slik plan legg grunnlaget for ei forutsigbar utvikling av bibliotektenestene i Midt-Gudbrandsdalen.

Rullering av dei regionale bibliotekplanane blir sett i samanheng med prosjektet «Oppland og partnerskapsavtalar», initiert av Oppland fylkesbibliotek. Prosjektet skal synleggjere ei strategisk bibliotekutvikling gjennom regionale bibliotekplanar som vektlegg interkommunalt samarbeid og planar for bibliotekutvikling dei neste fire åra. Det kan også vere aktuelt med samarbeid med eksterne samarbeidspartar formalisert gjennom partnerskapsavtalar.

I planperioda 2008-2012 har dei viktigaste tiltaka vore retta mot barn og unge, spesielt gjennom etablering av den årlege Barnas bokveke. Arbeidet med dette har synleggjort eit behov for auka satsing på målgruppa førskolebarn og barn i dei lågasta stega i barneskolen. I den rullerte bibliotekplanen er difor dette valgt ut som vårt hovudsatsingsområde.

Biblioteka si rolle som kulturell møteplass og demokratisk arena blir stadig utfordra. Den globaliserte verda og den digitale utviklinga gir nye og spennande perspektiv og utfordringar. Tittelen på St.meld. nr. 23 (2008-2009) Bibliotek-Kunnskapsalmennning, møtestad og kulturarena i ei digital tid, uttrykkjer departementet sine tankar om kva bibliotek skal vere. Biblioteka skal ha ein funksjon som møteplass og vere ein kultur- og læringsarena. Gjennom sine kultur- og kunnskapstiltak yter biblioteka vesentlege bidrag til sosial utjamning og auka livskvalitet.

I regional handlingsplan for Midt-Gudbrandsdalen, er bulyst, befolkningsutvikling og kompetanseutvikling nemnt som viktige føresetnadnar for utvikling og nyskaping. Biblioteka skal følgje med i utviklinga i Midt-Gudbrandsdalen, og ha eit innhald og ei rolle som speglar lokalsamfunnet. Det er viktig at det einskilde bibliotek blir forankra lokalt og tek utgangspunkt i lokale behov, men alltid med utgangspunkt i nasjonale føringar. Overordna føringar ligg i nasjonalt lovverk. Ny lov om folkebibliotek er planlagt handsama i Stortinget i haustsesjonen 2012.

I utgangspunktet er biblioteka sjølvstendige institusjonar, men det er vesentleg å kunne etablere samarbeid med andre aktørar i ulike samanhengar, gjerne i form av partnerskapsavtaler.

Bibliotekplanen gjeld for det som tradisjonelt har vorte kalla folkebibliotek, vi har valgt å bruke bibliotek, og syner kva vi vil satse på i neste 4-årsperiode. I tillegg vil vi lage årlege handlingsplanar. Planen inneholder seks strategiar. Fem av dei er med frå førre planperioda, mens strategi seks, som gjeld litteraturformidling, er ny. Det har samanheng med forslaget til ny biblioteklov, som legg vekt på at biblioteket skal vere ein stad for aktiv litteraturformidling. Ulike former for litteraturformidling, i og utanom bibliotekrommet, har vore vektlagt også i førre planperioda, og det er nå riktig at det får ein plass i den regionale bibliotekplanen.

Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen har hatt eit godt samarbeid dei siste åra, og ser at det er heldig både for at dei tilsette skal få eit betre fagmiljø, og ikkje minst for å kunne utvikle tilbod som kjem brukarane til gode. Samarbeidet kan by på utfordringar m.a. fordi dei økonomiske rammene er ulike, men kvart bibliotek vil bidra inn i samarbeidet ut frå dei ressursane som det einskilde bibliotek til kvar tid har til disposisjon. Mange tiltak vil kunne bli gjennomført innafor eksisterande økonomiske rammer, mens det av og til kan vere aktuelt å søke samarbeid med nye samarbeidspartar og/eller søke eksterne prosjektmiddel. Dette gjeld både samarbeidstiltak og tiltak på kvart einskild bibliotek.

KOSTRA-TAL 2011

| | Utlån bøker pr.barn | Totalt utlån pr. innb. | Oppnings- tider pr. veke | Antal innb. år.årsverk | Besök pr.innb. | Lønn + medium pr. Innb. |
|-----------|------------------------------------|---------------------------------------|---|-----------------------------------|---------------------------|--|
| Norge | 9,5 | 5,0 | — | 2776 | 4,5 | — |
| Nord-Fron | 14,1 | 4,9 | 36 | 2225 | 3,1 | 279 |
| Sør-Fron | 12,0 | 4,2 | 41 | 2719 | 2,4 | 261 |
| Ringebu | 20,7 | 5,8 | 26 | 3508 | 3,0 | 230 |

Sør-Fron bibliotek
Marit Kamp Lie
biblioteksjef

Ringebu folkebibliotek
Ellinor Brænd
biblioteksjef

Nord-Fron bibliotek
Randi Nordlien Berg
biblioteksjef



DEL 2**HANLINGSPROGRAM 2013–17**

| STRATEGIER | TILTAK | MÅL |
|---|---|---|
| 1 Utvikle det sømløse biblioteket | 1.1 Vidareutvikle det sømløse bibliotek 1.2 Vidareutvikle digitale løysingar | Innbyggjarane i Midt-Gudbrandsdal skal oppleve eit heilskapleg bibliotektilbud Biblioteka i Midt-Gudbrandsdal skal ta i bruk gode digitale tenester og aktivt leggje til rette for nye tekniske løysingar |
| 2 Utvikle personale med høg bibliotekfagleg kompetanse | 2.1 Legge til rette for at tilsette i biblioteka skal kunne vidareutvikle eigen kompetanse | Innbyggjarane i Midt-Gudbrandsdal skal møte eit kompetent og serviceinnstilt bibliotekpersonale |
| 3 Hovudsatsingsområde: Tilbod til barn og unge | 3.1 Vidareutvikle tilbodet til barn og unge 3.2 Vidareutvikle arbeidet med tilbodet til barn i førskolealder 3.3 Vidareutvikle arbeidet med tilbodet til barn i grunnskolar | Biblioteka skal vere aktive litteratur- og kulturformidlarar, og vere viktige bidrag til eit godt oppvekst- og læringsmiljø i Midt-Gudbrandsdalen Biblioteka skal bidra til å legge eit godt grunnlag for barns språklege utvikling og lese- og skrivekompetanse Biblioteka skal vere eit viktig bidrag til barn og unge sin læringsituasjon og bidra til styrking av leseferdigheiter og motivasjon for lesing |
| 4 Vidareutvikle biblioteka som læringsarenaer for utdanningssøkjande i alle aldrar | 4.1 Vidareutvikle biblioteka som læringsarenaer | Innbyggjarane i Midt-Gudbrandsdalen skal oppleve biblioteka som fleksible læringsarenaer og møteplassar i høve til eigen kompetanseutvikling |
| 5 Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen skal vere kulturelle møteplassar for alle | 5.1 Vidareutvikle biblioteka som møteplassar | Innbyggjarane i Midt-Gudbrandsdalen skal oppleve sitt lokale bibliotek som ein arena for det frie ord, og som møteplass med fokus på litteratur- og kultur opplevelingar |
| 6 Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen skal drive aktiv litteraturformidling av høg kvalitet | 6.1 Utvikle ny formidling i og utanfor bibliotekrommet | Våre lånarar skal få god rettleing i litteratur tilpassa den einskilde, og litteraturen skal formidlast fysisk og digitalt |

DEL 3

STRATEGIAR

Ole Brumm og Nasse Nøff var på tur i skogen en flott sommerdag da Ole Brumm plutselig sa: "Hadde du det fint i julen da Nasse?" "Jada, men hvorfor spør du om det nå midt i juni?" Brumm svarte: "Du skjønner det Nasse at når du har er hjerne som min så må du ta tak i de tankene som kommer og være glad til." (Ole Brumm)

STRATEGI 1

Biblioteka skal gjennom interkommunalt samarbeid vidareutvikle "Det sømløse bibliotek"

Tiltak 1: Vidareutvikle "det sømløse bibliotek"

BAKGRUNN: St.meld.23 (2008-2009) Bibliotek: kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid, plasserer ansvaret for viktige delar av dei fysiske og digitale kunnskaps- og informasjonsressursane i samfunnet på vegne av fellesskapet til biblioteka. "Det sømløse bibliotek" har etter kvart vorte eit etablert omgrep som blir konkretisert gjennom bruk av nasjonale lånekort, felles lånereglement for Oppland, transportordning m.m. Brukarane skal ikkje måtte tenkje på kva for bibliotek eller bibliotektype dei vender seg til. Lånesamarbeidet er det mest sentrale i eit vel fungerande "sømløst" bibliotekvesen, og avgjerande for at brukarane skal få gode tenester uavhengig av bustad og økonomi.

MÅL: Innbyggjarane i Midt-Gudbrandsdalen skal oppleve eit heilsakapleg bibliotektilbud

GJENNOMFØRING:

- Eit heilsakapleg bibliotektilbod, skal vidareutviklast gjennom partnarskap på tvers av kommunegrensene og gjennom samarbeid mellom dei ulike biblioteka i regionen og på nasjonalt nivå.
- Vidareutvikle og lage betre rutinar for eksisterande lånesamarbeid
- Sjå på moglegheitene for felles profilering av folkebiblioteka når det er mogleg, for eksempel annonsering, felles design
- Utarbeide årlege handlingsplanar som inneholder samarbeidstiltak og koordinering av arrangement
- Sjå om vi kan samordne opningstider slik at dei kompletterar kvarandre

Dette skal gjennomførast i partnarskap med bibliotek på alle forvaltningsnivå.



Tiltak 1.2: Vidareutvikle digitale løysingar

BAKGRUNN: St.mld. nr. 17 (2006-2007) Eit informasjonssamfunn for alle og e-Norge 2009 peikar på biblioteka som arena der innbyggjarane kan utvikle sin digitale kompetanse og som arena for utjamning av det digitale kunnskapsnivået.

Gode digitale tenester er viktig for å oppretthalde og vidareføre tenestetilbodet til biblioteka. Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen tilbyr alt ei rekke digitale løysingar som gjer at dei er døgnopne og tilgjengeleg når publikum har bruk for dei, men biblioteka ønsker heile tida å søkje etter nye digitale løysingar tilpassa dagens og morgondagens brukarar. Omfanget av materiale som er tilgjengeleg digitalt vil auke kraftig framover, og utlån av materiale i ulike format og på ulike plattformer er tenester biblioteka ivrar etter å tilby brukarane. Det har vorte starta fleire prosjekt med utlån av e-bøker, og den tekniske løysinga er klar. Men alle spørsmål omkring opphavsrett er enno ikkje på plass, og det vil derfor kunne ta noko tid før vi kan tilby denne tenesta til brukarane.

MÅL: Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen skal ta i bruk gode digitale tenester og aktivt legge til rette for nye tekniske løysingar

GJENNOMFØRING:

- Oppdatere og ha aktuelle heimesider
- Drift av biblioteka sin blogg (<http://midtdalsbibliotekene.blogspot.com/>)
- Tilby utlån av e-bøker og anna digitalt materiale
- Bruke digitale løysingar aktivt i marknadsføring av biblioteka sine tenester, og i formidling av litteratur
- Informere om digitale tenester, for eksempel Bokhylla, MappaMi
- Ta i bruk nye digitale løysingar som applikasjonar, QR-koder osv.
- Deltaking i Bokpod-prosjektet
- Deltaking i Seniorsurf, og tilby kurs i digitale løysingar

Dette skal gjennomførast i partnarskap mellom biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen, Oppland fylkesbibliotek og instansar på nasjonalt nivå.



"Jeg har tenkt," sa Brumm.

"Og jeg tror..." "Nei," sa Sprett, "Ikke gjør det. Nå

gjelder det å løpe."

(Ole Brumm) a

STRATEGI 2:

Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen skal ha personale med høg bibliotekfagleg kompetanse

Tiltak 2.1: Legge til rette for at alle tilsette i biblioteka skal kunne vidareutvikle eigen kompetanse

BAKGRUNN: Lov av 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek seier at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef. Dette kompetansekravet blir videreført i Kulturdepartementet sitt forslag til ny lov som nyleg var ute på høyring. I Midt-Gudbrandsdalen er kravet til fagutdanna biblioteksjef oppfylt i alle tre kommunane. Bibliotekfagleg kompetanse er avgjerande for å kunne utvikle gode bibliotek, og er utslagsgjevande for å kunne skape heilskapleg og ansvarleg bibliotekneste. Biblioteksektoren er prega av rask teknologisk utvikling, raskare informasjonsflyt, nye brukarbehev og forventningar. Dette gjer at kunn-skap, kreativitet og kompetanse blir stadig viktigare. Tilsette utan bibliotekarutdanning må også bli inkludert, slik at alle har eit godt utgangspunkt for å gje god service og gode tilbod. Krav om djupare og breiare kompetanse i biblioteka blir også vektlagt i Bibliotek-reform 2014, der etablering av eit kompetanse-utviklingsprogram er eitt av tiltaka som er tenkt gjennomført. Kompetanse og kunnskap er grunnlaget for god service og gode tilbod.

MÅL: Innbyggjarane i Midt-Gudbrandsdalen skal møte eit kompetent og serviceinnstilt bibliotekpersonale

GJENNOMFØRING:

- Utarbeide ein intern kompetanseplan med oversikt over status og behov
- Styrke det faglege treffpunktet. Eit tett samarbeid på tvers av kommunegrenser og forvaltningsnivå er viktig for å ta vare på bibliotekfaglege ressursar.
- Delta på kurs i regi av Oppland fylkesbibliotek og andre aktuelle
- Kurs, møte og nettverksarbeid (uformell kompetanseheving)
- Vidareutdanning (formell kompetanseheving)
- Hospitantordning i andre bibliotek



«For når man er en Bjørn med Bare Liten Forstand, og man Tenker på Ting, så er det ofte at Tingene kjennes mye lurere når den er inni deg enn når den kommer ut og andre kan se den.” (Ole Brumm)

STRATEGI 3: Hovudsatsingsområde: tilbod til barn og unge

Tiltak 3.1: Vidareutvikle tilboden til barn og unge

BAKGRUNN: Tilboden til barn og unge har vore sentralt i førre planperioda. Vi ønskjer ei vidareføring og ei styrking av dette arbeidet, og det skal vere vårt hovudsatsingsområde på bakgrunn av flg.:

- St.meld. nr.35 (2007-2008): Mål og meining, slår fast at litteraturen står i ei særstilling i arbeidet med å trygge og utvikle norsk språk, og at biblioteka har ei nøkkelrolle som formidlar av språklege og litterære uttrykksformer.
- Tidleg innsats er nødvendig i høve til barn si språklege utvikling og som grunnlag for lese-og skrivekompetanse. Fokus på lesegleda vil vere eit vesentleg bidrag frå biblioteka.
- Biblioteka ønskjer å bidra til barn si grunnleggande allmenndanning og gode oppvekstvilkår gjennom ein aktiv og bevisst litteratur-og kulturformidlingsprofil.

Hovudfokus på barn og unge inneber at alle tre biblioteka må ha ei barne-og ungdomsavdeling som er variert, aktuell og innbydande. For at vi skal kunne nå alle, er dei viktigaste samarbeidspartane barnehagane og skolane. Tiltak utanom barnehage-og skoletid skal gjennomførast av biblioteka som sjølvstendige arrangørar, eller i samarbeid med andre som jobbar med barn og unge.

MÅL: Biblioteka skal vere aktive litteratur- og kulturformidlarar, og vere viktige bidrag til eit godt oppvekst-og læringsmiljø i Midt-Gudbrandsdalen

GJENNOMFØRING:

- Samarbeidstiltak som felles/parallelle arrangement
- Tiltak på kvart bibliotek. Tilpassa det einskilde bibliotek sine ressursar
- Tilrettelegging/oppgradering av inventar slik at bibliotekrommet kan framstå fleksibelt i høve til ulike type arrangement og som ein møteplass også for barn og unge

Tiltak til gjennomføring blir også handsama under **3.2.** og **3.3**



Tiltak 3.2: Vidareutvikle arbeidet med tilbodet til barn i førskolealder

BAKGRUNN: I tillegg til ordinær verksemd og utlånsarbeid til barn, føresette, barnehagar og andre aktuelle, skal biblioteka på eige initiativ gjennomføre tiltak retta mot barn i førskolealder. Hovudfokus vil alltid vere lesegleda. Tiltaka skal vere som samarbeid i Midt-Gudbrandsdalen eller på quart einskild bibliotek, og kan vere i samarbeid med barnehagar og andre aktuelle. Arbeidet skal gå kontinuerleg gjennom heile året. Hovudsatsinga skal likevel vere i Barnas bokveke, som vart etablert i førre planperioda. Denne veka inneholder ulike litteratur- og kulturformidlingstiltak, i samarbeid med lokale og eksterne aktørar. Aktivitetane er lagt både til dagtid og ettermiddagstid.

MÅL: Biblioteka skal bidra til å legge eit godt grunnlag for barns språklege utvikling og lese-og skrivekompetanse

GJENNOMFØRING:

- Barnas bokveke om hausten
- Lesestund for førskolebarn i samarbeid med barnehagar
- Depot av barnebøker på ulike stader
- Litteraturformidling til barn, føresette og barnehagetilsette
- Ulike arrangement på dag-eller ettermiddagstid
- Vidareføring og evnt. etablering av bibliotek i barnehage



Tiltak 3.3: Vidareutvikle arbeidet med tilbodet til barn i grunnskolealder

BAKGRUNN: Biblioteka er naturlege bidrag til barn og unge sin læringsituasjon og allmenndanning. I tillegg til ordinær verksemeld og utlånsarbeid til barn og unge, føresette, skolar og andre aktuelle, skal biblioteka på eige initiativ gjennomføre tiltak retta mot barn i grunnskolealder. Ut frå tanken om tidleg innsats, vil barnesteget vere prioritert i dette arbeidet. Leseglede skal også her vere utgangspunktet.

Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen har lang, og god, tradisjon for samarbeid med grunnskolebiblioteka. Det er viktig at dette kan halde fram, og at biblioteka både stiller sine bokstammer og bibliotekfaglege ressursar til disposisjon.

MÅL: Biblioteka skal vere eit viktig bidrag til barn og unge sin læringsituasjon og bidra til styrking av leseferdigheiter og motivasjon for lesing

GJENNOMFØRING:

Samarbeidstiltak:

- Forfattarturne i løpet av vårhavåret for eitt bestemt klassesteg
- Oppfølging av skolane ut i frå dei ressursane kvart einskild bibliotek har

På kvart bibliotek:

- Halde fram og styrke samarbeidet mellom folke-og skulebibliotek, t.d. gjennom felles databaser.
- Jobbe aktivt med litteraturformidling til elevar, føresette og lærarar, både på biblioteket og på skulane.
- Aktivitet utanom skoletid: t.d. vere aktive i nasjonale satsingar, som markering av jubileums-og minnedagar og ulike lesekampanjar
- Samarbeide med Den kulturelle skolesekken når det er aktuelt



«Sprett er lur,” sa Brumm
tankefullt. “Ja,” sa Nøff.
“Sprett er lur.” “Og han har et
godt hode,” sa Brumm. “Ja,”
sa Nøff, “Sprett har et godt
hode.” Så var det stille en
lang stund. “Det er kanskje
derfor,” sa Brumm, “at han
aldri forstår noe som helst”.

(Ole Brumm)

STRATEGI 4:

Vidareutvikle biblioteka som læringsarenaer for utdanningssøkjande i alle aldrar

Tiltak 4.1: Vidareutvikle biblioteka som læringsarenaer

BAKGRUNN: Biblioteka skal vere til støtte for elevar i vidaregåande skole og vere ein lokal ressurs som læringsarena og møtestad for studentar i ein desentralisert utdanningssituasjon. Studentar knytt til høgskole og universitet, i både grunn-og etterutdanning, er ei stor og viktig brukargruppe. Svært mange nyttar dei lokale biblioteka som sitt ”skolebibliotek”. Tilgang til gode bibliotek er ein vesentleg føresetnad for å kunne gjennomføre desentraliserte studieopplegg, som igjen er viktig for regionen si satsing på kompetanseutvikling. For andre elev-og studentgrupper kan Karrieresenteret i Midt-Gudbrandsdalen og Ringebu vaksenoplæring vere aktuelle samarbeidspartnalar

MÅL: Innbyggjarane i Midt-Gudbrandsdalen skal oppleve biblioteka som fleksible læringsarenaer og møteplassar i høve til eigen kompetanseutvikling

GJENNOMFØRING:

Biblioteka skal:

- Vere støttespelarar for elevar og lærarar ved Vinstra vidaregåande skule gjennom å stille si bokstamme til disposisjon
- Skaffe aktuell litteratur til studentar knytt til høgskole-og universitet
- Ha tilrettelagt lokalar som møtestad for elevar og studentar
- Sjå på moglegitetene for å få til forpliktande samarbeid med Karrieresenteret
- Vere til støtte for framandspråklege



"Hvis noen har lyst til å klappe," sa Tussi da han var ferdig, "så er det nå det skal gjøres." Alle klappet. "Mange takk," sa Tussi. "Det var uventet og oppmuntrende, selv om det kunne vært litt mer Smell i klappene." (Ole Brumm)

STRATEGI 5: Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen skal vere kulturelle møteplassar for alle

Tiltak 5.1: Vidareutvikle biblioteka som møteplassar

BAKGRUNN: St.meld.23 (2008-2009) Bibliotek: kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid, og forslag til ny biblioteklov, vektlegg biblioteka sin møteplassfunksjon som eit stadi viktigare element i norsk kulturpolitikk. Biblioteka er ein arena for alle brukargrupper, og det oppstår sosiale prosessar mellom menneske knytt til kulturformidling, kunnskap og læring. Dette er viktige faktorar for å styrke demokrati, ytringsfridom, integrering og livskvalitet på eit overordna nivå i samfunnet. Det er få opne sosiale møteplassar i samfunnet som ikkje er kommersielle, med unntak av biblioteka. Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen skal vere levande, attraktive bibliotek med arrangement, debattar, utstillingar og andre aktivitetar, og bidra til innbyggjarane sin trivsel og bulyst.

MÅL: Innbyggjarane i Midt-Gudbrandsdalen skal oppleve sitt lokale bibliotek som ein arena for det frie ord, og som møteplass med fokus på litteratur- og kulturopplevingar

GJENNOMFØRING:

- Auka satsing på arrangement og meirverdifaktoren, og tilby eit mangfald av kultur- og litteraturopplevingar
- Fokus på universell utforming - tilretteleggje lokala slik at alle innbyggjarane kan velje eit aktivt kulturliv ut frå personlege føresetnader
- Utnytte samspelet mellom dei fysiske samlingane og den digitale samlinga slik at dei til saman blir eit godt tilbod
- Søkje større grad av brukarmedverknad og styrke brukarane si eigedomskjensle til sine lokale bibliotek
- Samordne arrangement (Verdas bokdag, Seniorsurf, forfattarbesøk osv.)
- Utvikle biblioteket som ein arena for det frie ord, som t.d. ved at biblioteklokalen blir brukt til ulike utstillingar og arrangement av oss, og andre
- Samarbeide med andre organisasjonar, lag og foreiningar, både i og utanfor bibliotekrommet

Dette skal gjennomførast i partnarskap mellom biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen, ulike interesseorganisasjonar, lag og foreiningara



"Jeg burde kanskje nevne det", sa Brumm da de gikk nedover strandkanten på øya, "at det ikke er en helt alminnelig båt. Noen ganger er den en Båt, og noen ganger er den snarere en Ulykke. Det kommer an på." (Ole Brumm)

STRATEGI 6: Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen skal drive aktiv litteraturformidling av høg kvalitet

Tiltak 6.1: Utvikle ny formidling i og utanfor bibliotekrommet

BAKGRUNN: I forslag til ny biblioteklov heiter det at biblioteket skal vere ein stad for aktiv litteraturformidling. Den munnlege formidlinga som skjer ansikt til ansikt med bibliotekbrukaren er allereie ein av biblioteka sine tradisjonelle kjerneoppgåver, men ein ønskjer nå eit større fokus på aktiv og utoverretta formidling.

Store delar av norsk bokbransje har ein tendens til å samle seg rundt bestselgarane mens biblioteka si rolle er m.a. å syne det breie og store mangfaldet av litteratur.

For å drive god litteraturformidling må du kjenne til både litteraturen og lesarane, og ein må ha kunnskap om gode formidlingsteknikkar. Biblioteka skal formidle ulike sjangrar og mediar til mange ulike brukgrupper. Å ha høg formidlingskompetanse på dette feltet er svært ressurskrevjande. Men dette er ei utfordring biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen ønskjer å ta! Vi ønskjer å auke kvaliteten og bevisstheita omkring formidling på biblioteket, og i tillegg også løfte formidlinga ut av bibliotekrommet og inn på andre arenaer der folk er. Bruk av digitale og sosiale media inngår i denne satsinga på formidling.

Auka satsing på litteraturformidling i og utanfor bibliotekrommet vil bidra til meir synliggjering av biblioteka og bidra til god omdømmebygging.

MÅL: Våre lånarar skal få god rettleiing i litteratur tilpassa den einskilde, og litteraturen skal formidlast fysisk og digitalt.

GJENNOMFØRING:

Biblioteka i Midt-Gudbrandsdalen ønskjer å satse på desse fire områda:

Munnleg formidling

- over skranken, lesesirklar, bokprat

Digital formidling

- blogg, bokpod, heimesider, facebook og andre sosiale media

Fysisk formidling

- delikate og fristande utstillinger som pirrar lånarane sin nysgjerrighet

Nye former for formidling

- oppsøkjande verksamd, t.d. den kulturelle nistepakka osb.
- nye, utradisjonelle formidlingsmetodar, t.d. rollespel
- formidling på arbeidsplassara

Litteraturliste Bibliotekplanar

ABM-utvikling (2006) Bibliotekreform 2014 – del I: Strategier og tiltak.
– ABM-skrift nr.30

ABM-utvikling (2006) Bibliotekreform 2014 – del II: Norgesbiblioteket
– nettverk for kunnskap og kultur. –ABM-skrift nr. 31

Et attraktivt og konkurransedyktig OPPLAND. Internasjonal strategi 2012-2015

Et attraktivt og konkurransedyktig OPPLAND. Regionalt handlingsprogram 2012

Lov om folkebibliotek av 20.desember 1985

Lov om grunnskolen og den videregående opplæringa (1998) (Opplæringslova)

Meld.St.10 (2011-2012). Kultur, inkludering og deltaking

Ny lov om folkebibliotek er under behandling. Høringsfrist var 08.06.12

Politikk for det flerkulturelle Oppland. Vedtatt i fylkestinget 9.desember 2008

St.meld.nr. 16(2006-2007)og ingen sto igjen: Tidlig innsats for livslang læring

St.meld. nr.23 (2008-2009) Bibliotek – Kunnskapsallmenning, møtestad og
kulturarrena i ei digital tid

St.meld. nr.17 (2006-2007) Eit informasjonssamfunn for alle



